

Anders Hogrenning

Band-Anders

(Årsskrift 2007 for Hovdebygda Soge- og Velferdslag)



Barndomsheimen

”Anders Anderssen Hoffrenning” vart fødd 14. september 1836 på Hogrenning i Lodalen, og han vart heimedøypt same dag av Gjertrud Gundersdotter Hogrenning. Foreldra hans var husmann Anders Andersson Hogrenning og kona Anne Rasmusdotter f. Beinnes. Dei hadde gifta seg 3. juli 1831 og hadde minst eitt born frå før, sonen Rasmus.

Konfirmasjon

17 år gamle – den alderen står i alle fall i kyrkjeboka – Anders Hogrenning vart konfirmert i Loen kyrkje 28. mars 1853, og han er mellom dei tre gutane som i kyrkjeboka vart karakteriserte som ”*mindre vel oplyste*”.

Folketeljinga i 1865

Ved folketeljinga 31. desember 1865 var Anders Hogrenning truleg anten identisk med den 27 år gamle Anders Andersson som var tenestekar hos Kolbein Larsson Bødal i Loen eller med 30-åringen Anders Andersson som var i teneste hos Bendik Larsson Nesdal i Ytre Nesdal i Loen. Begge desse gardane, Bødal og Nesdal, låg ikkje så langt frå Hogrenning. På husmannsplassen ”*Hogrendsanden*” budde mora Anne Rasmusdotter som var enke, og Anders sin 32 år gamle bror Rasmus Andersson.

Folketeljinga i 1875 (1876)

Ved den ”folketejlinga for 1875” som vart halden 3. januar 1876, var Anders Andersson Hogrenning, fødd 1837 i Loen sokn i Stryn prestegjeld, ”*Logerende – Baandfabrikant*” i Pålgarden i Liadal i Ørsta. Kan hende var han på den tida knytt til handels-/fiskeverksemda på Raudøyholmen, der det var bruk for fisketyner og tynneband, men dette er litt uvisst meir enn 130 år seinare.

Ivar Grøvik har skrive at ”*Dei har sagt at han kom til Ørsta i 1870-åra, men i den fyrste tida budde han ikkje jamt her. Han reiste heim fleire gonger. Ein vinter dreiv han torskefiske i Bremanger.*”

Folketeljinga i 1900

Ved folketejlinga 3. desember 1900 budde den framleis ugifte ”*Tøndebandsmider*” Anders Hofrending i Ørstavik og vart registrert i huslyden til Hans Andersson Velle.

Ivar Grøvik fortel, med Anders P. Ørstavik som kjelde, om bustaden til Anders Hogrenning: ”*Frå 1880-åra budde han fast i Ørsta. Han fekk kjøpe ei gammal stove, midt i Ørstavik, som Hilde og Jørn Ørstavik åtte. Sonen til Hilde og Jørn, Ola Jørgenson, på folkemunne kalla Jørn-Ola, selde stova til Anders Hofrenning for 40 kroner.*”

”Folk no for tida har ikkje vit”

Anders Steinnes skreiv i Møre-Nytt 22. desember 1954 dette portrettet av Anders Hogrenning:

Den siste som verkeleg trudde på huldrene her i Ørsta var venteleg vis han Band-Anders som budde i ei stove i Vikegarden og som alle ørstingar kjende og mange enno vil hugse.

Han var fødd i Loen i Nordfjord, men hadde butt i Ørsta det meste av si tid. Det var likevel lett å høyra kvar han var komen i frå. Han snakka nordfjordmålet pent og reint som han aldri skulle ha vore heimanfrå ein dag.

Eg kjende han frå det året eg gjekk folkehøgskulen, og då eg seinare kom på skule i Volda tok eg og ein kamerat - ein telemarking som hadde sers interesse for slike gamle forteljarar - oss ein søndagstur og skulle helsa på han. Me banka på døra hans, og eg visste frå før at han let opp dersom han var heime. Det gjorde han og, men det tok si tid. Han bad oss koma inn, men det var lite snakk i han til å byrja med. Han sa seg ikkje vera heilt frisk, og var helst i ulag. Han såg trøyt ut. Eg har aldri sett so mange rucker i noko andlet, og nokså myrkleitt var han å sjå til, men ikkje nett stygg. Han såg godsleg ut, og sat lenge og såg liksom inn i ei anna verd.

Om ei stund reiste han seg, rusla over golvet og bort til biten - ein bjelke som gjekk tvers over stova frå vegg til vegg. Han tok ned ei lita tom skål, kom og sette ho på bordet. Det kom liv i det rukkete andletet. Han såg på oss med varme i røysta: "Jau, hon tok det!" Men vi skyna ingen ting. Men han fortalde at han hadde sett skåla ut på biten med sukkerbitar i, og no hadde hundra teke dei. Han var så glad som eit barn. Fylgjesmannen min spurde om der var berre ei av dei eller om der var fleire. "Å, der er mange," sa han. Men det var serleg ei som tok seg av han. Han fortalde oss mange døme på det.

Såleis var det ei julenatt han hadde vorte så sjuk at han ville mest forgå og låg berre og ynka seg. Då kom ho og banka på glaset, og kor sjuk han var sto han opp og snakka med ho. Ho spurde kor han hadde det, og bad han leggja seg og breia seg godt ned. Det gjorde han og sovna trygt og vakna om morgonen både frisk og fjåg.

Han var kje meir enn ni-ti år då hundra fyrste gongen tok seg av han. Det var heime i Nordfjord. Han laut ut og gjæta, og den kjerringa han var hjå var både hard og hækja. Klokka fire om morgonen kom ho og vekte han og sa at han måtte ut med sauene. "Men eg var så trøyt," sa han, "og då eg kom ut på ei slette la eg meg som snøggast ned på marka med trøye over hovudet, og så hadde eg sovna. Og då såg eg ho. Ho for bort over tuvene så blåkledd og fin. Då såg eg sauene og, og dei heldt på å fare att om egga. Ho ville varsla meg."

"Det er med huldrefolket som med anna folk," sa han. "Der er både vonde og gode. Og der finst utruleg mykje av dei." Eingong hadde han vore borte i skogen og hogge ved, og då møtte han ein heil herskare då han skulle heimatt. Det var som ein kyrkjeålmuge.

Når han var ute og fiska sumarnettene hadde han jamt sett dei. I Skorgeurda var der mest og der lika dei seg sers godt, det vil seia før sildoljefabrikken kom der. Sidan hadde dei klaga seg jammerleg. "Eg gjekk opp på landhandelen eg," sa han, "og sa til karane der at de skal akta dykk for kva de gjer! Men berre sei til desse fritenkjarane. Dei berre lo åt meg og brydde seg ikkje det minste om kva eg sa. - Ein dag sto fabrikk i ljøs loge. Då gjekk eg oppatt. "Kva seier de no?" Då lo dei ikkje lenger. Dei var bleike som bast."

"Dei underjordiske gjer ikkje eit menneske noko vondt dersom dei får leva sitt liv i fred. Men folk no for tida har ikkje vit. Dei fer slik åt at dei tergar dei på seg, og då kan det verte skikkeleg gale."

Slik sat han og fortalde heile kvelden utover. Han var komen reint i godlag då han forsto at me interesserte oss for det han fortalde, og at me ikkje var "fritenkjarar", og det var alle som ikkje trudde på huldrene.

Til slutt fortalde han om Loen-ulukka (i 1905) som han sjølv hadde opplevd og som hadde gjort eit sterkt inntrykk på han. Me skyna av det han fortalde at han hadde vore bort i mangt i sitt lange liv og slett ikkje havt det så godt alltid. No sat han her gamal og einsleg. Men hundra hadde ikkje slept handa av han. Det kom mang ei kjærkoma sending frå stovetaket ned til han, gjennom skorsteinen. At det var gutfantane som agerte hulder forsto han ikkje, når dei for lurt fram. Det var truleg også dei som tømde skåla for drops.

Så måtte me seia farvel. Han tok hjarteleg avskil og spurde om me ville høyra den sangen han kunne. Han hadde sunge han både for presten og for anna bra folk, og alle hadde tykt vel om sangen hans som visst nok var den einaste han kunne. Både tonen og orda var heimelaga og sikkert av gamal dato. For moro skuld skreiv me han opp, og her er han:

*Hav takk i ærragtige ærlige mænd,
hav takk for den tid jeg her tjente.
Hav takk for jert selskap og gode samkvem,
hav takk i ærbødigste kvinde.
Hav takk alle sammen både gammel og ung.
Gud lat oss så skilles mens tiden er tung!
Vi måtte med glede oppstande!*

Band-Anders, eller Anders Hogrenning som rette namnet hans var, kom til slutt på gamleheimen. Han er gravlagd på Ørsta kyrkjegard, og hans mange vener og kjenningar i Ørsta har kosta eit vakkert minnesmerke på grava hans. Og det gjorde dei rett i, for han var på mange måtar ein merkeleg mann som høyrde heime i ei tid som no ikkje er til lenger og var heilt ulik vår eiga.

”Til livet hadde han småe krav”

Rasmus Strømme skildra han på denne måten i verseform i Møre-Nytt 11. mars 1957:

*Banden var namnet han vilde ha,
yrket hans låg i det ord.
Godlynd var han, um noko sta,
med meinråd han aldri for.*

*Det barnslege sinn var det elvedrag
som strøymde gjennom hans sjæl;
di bar han sin lagnad frå dag til dag
som mann og kjende seg sæl.*

*Til livet hadde han småe krav
og gjekk der sin stille veg,
og lutande yver sin knortestav
han prate med sjølve seg.*

*Unglyden hadde nok moro i blant,
han trudde alle so vel.
Men var han i beit som ein annan fant,
og la seg sjuk som ein træl,*

*då kom dei til han i flokk og rad
og ofra i gryta på bord.
Der låg han i sengji stille og glad,
- det vart ikkje sagt eit ord.*

*Når alle var ute han bykste or seng
og frisk som laksen i elv
han byrja telja kvar einaste peng
med bivrande hjarteskjelv.*

*No vart det mat for lengere tid,
han takka og mulla ein song,
gjekk so i byen ei liti rid
og kjøpte inn det han trong.*

*No kviler han i kyrkjegard.
På gravi dei sette ein stein
til minne om Anders so underleg rar –
men sjæla var barnerein.*

Død og gravferd

Ugift fattiglem Anders Hogrenning, busett på gamleheimen i Ørsta, døydde 88 år gammal av alderdomssvekking 15. desember 1924 og vart gravlagd tre dagar seinare på Ørsta kyrkjegard. Grava/gravsteinen er framleis synleg (2007).



.....

Jf. også Ivar Grøvik sin artikkel "Ein menneskelagnad" i "Jul i Nordfjord 1975".